



Øystese/Tysse 25. mai 2012

Lokallaga/fylkeslaga på Vestlandet

Innbyding til vestlandsmeisterskapet i jegertrap og leirduesti.

Øystese jeger- og fiskerlag og Samnanger jeger- og fiskerlag byr inn til vestlandsmeisterskapa i leirduesti og jegertrap helga 16-17.juni.

Skyting

Leirduestien føregår laurdag 16.juni på banen til ØJF på Melstveit, avkøyrslø frå fv7 ca 2,5km aust om Øystese. Skytinga startar kl 10:00, med 60 deltakarar reknar me med at finaleskytinga startar kl 14:00. Alle deltakarane skyt 50 skot i innleiande runde, dei 20% beste skyt finale med 50 skot.



Jegertrappen føregår søndag 17.juni på banen til SJF, avkøyrslø frå fv48 ca 2,5km sør om Tysse. Skytinga startar kl 09:00, med 60 deltakarar reknar me med at finaleskytinga startar kl 13:30. Alle deltakarane skyt 50 skot i innleiande runde, dei 20% beste skyt finale med 25 skot.

Det vert presskytingar begge dagar med finalar rett før eller etter finalane i ovudskygingane.

Påmelding - Skytetider

Me tilrår sterkt at laga nyttar seg av førehandspåmelding. Fristen for førehandspåmelding er 10.juni.

Påmelding skjer via <http://www.njffstevner.no/>. Dersom ein melder på lag til lagskytinga må ein senda melding om det til arrangerande lag, sjå e-postadressene nedanfor.



Etterpåmelding på banane må skje før kl 11:00 begge dagar.

Prisar

Deltakaravgifta per stemne er kr 300 for senior og kr 200 for junior.

Avgifta inkluderer ikkje skot. På banane vert det selt skot av typen *Rio*

Target Load Blue Steel, pris per pakke er kr 40.

Kontaktinformasjon

Skulle det vera spørsmål ta kontakt med laga på e-post postmaster@oystesejfl.org eller Ove.Gasdal@logitgruppen.no.

De kan og ringa Heine Dalatun (ØJF) 970 07 733 og Ove Gåsdal (SJF) 911 35 527 eller Steinar Gjerde (SJF) 411 46 858.

Anna informasjon

Det vert sal av mat på banane begge dagar.

Ved behov for overnatting viser me til

Hardangerfjord Hotell (Øystese) - 56 55 63 00,

Thon Hotel Sandven (Norheimsund) - 56 55 20 88

Bjørkheim Kro & Motell AS (Samnanger) 56 58 77 40